



**HARDANGER  
FOLKEHØGSKULE**

Lofthus i Hardanger, 17. desember 2019

Det Kongelige Kunnskapsdepartement

### **HØYRINGSUTTALE VEDKOMANDE FORSLAG TIL ENDRING I FOLKEHØGSKULELOVEN**

Hardanger Folkehøgskule har motatt forslaget frå Kunnskapsdepartementet vedkomande utfasing av tilskot til kortkurs og endring av folkehøgskulelova.

#### **Vi har desse merknadane til framlegget:**

*«Departementet foreslår at "minst eit langkurs" vert erstatta av "kurs". Videre vert det foreslått å fjerna kravet om at "minst 50 prosent av den samla verksemda skal vera langkurs, jf. § 7 andre ledd". Med ei slik endring kan skulene ha kurs – eit eller flere – som varar minimum 16,5 veka.*

*Det er synd at den endringa som vert foreslått endrar det som var Folkehøgskulelovens intensjon om at skulene gjennom kortkurs skulle få moglegheit til å driva utstrakt folkeopplysning.*

*Denne lovendringa får konsekvensar for folkehøgskulane og for verdfulle kurstilbud til ulike grupper.*

*Kortare kurs er viktige for å oppfylle intensjonen i lova om at folkehøgskulane skal «fremja allmenndanning og folkeopplysning» for alle. Folkehøgskulane har i sum tilbydd kurs til både unge, eldre og grupper i samfunnet med ulike utfordringar og funksjonsnedsettingar.*

*Regjeringa har lansert ei kompetansereform som heiter «Lære hele livet». Samtidig er det lansert ei eldrereform som heiter «Leve hele livet». Folkehøgskulene har mykje å tilby både når det er snakk om å læra og å leve hele livet.*

*Folkehøgskulerådet har tidligere bedt om at utfasinga vert utsatt til 01.01.2022. Dette for å få betre tid til omstilling. Vi håpar at dette kan omsyntakast i det endelege vedtaket».*

Styret ved skulen er inneforstått med endringa som kjem og har ingen yttarlegare innvendingar enn dei som er ført over.

På vegne av styret for Hardanger folkehøgskule

Trond Instebo

Rektor



**HARDANGER  
FOLKEHØGSKULE**

Hardanger Folkehøgskule  
Hordatunsvegen 29  
5781 Lofthus

Sentralbord: 53671400  
Vakttelefon: 45612379  
Konto: 3450 05 03418

e-post: kontor@hardanger.fhs.no  
web: www.hardanger.fhs.no  
Folkehøgskule sidan 1912

